



Statens vegvesen

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Torbjørn Hasund / 93004685

Vår referanse:
24/82696-3

Dykkar referanse:
202305721-7

Vår dato:
08.05.2024

Svar – høyring av melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Re Energi kraftverk i Gloppen kommune – Vestland fylke

Vi viser til brev datert 03.04.2024.

Gjennom meldinga ønskjer NVE å få innspel til kva utgreiingar som bør gjennomførast som grunnlag for utarbeiding av konsesjonssøknad for bygging av kraftverket.

Vatnet skal førast frå inntak til kraftstasjon gjennom tunnel. Tiltaket er meldt med to alternativ. Inntaket er likt for begge, men plassering av kraftstasjon er ulikt. I alternativ 1 er kraftstasjonen plassert i fjell 545 meter nedstrøms inntaket under Breihaugen og med om lag 60 meters fjelloverdekking. Avløpstunnelen etter kraftstasjonen vil bli lang og med utløp i elva ved Breimshallen. I alternativ 2 har kraftstasjonen plassering i dagen ved Breimshallen. Det blir då ein lang vannveg mellom inntak og kraftstasjon. Frå kraftstasjonen går vatnet rett i elva.

Statens vegvesen sine merknader til meldinga

Som utgangspunkt for vår uttale er omsynet til E39. Vi tenkjer då på trafikktryggleik, framkome for vegfarande og verknader for sjølve vegen. Med sistnemnde siktar vi til setnader og andre verknader av sprengingar og anleggsarbeid på vegkropp og vegdekke. I kapittel 6 «Konsekvenser for miljø, naturressurser og samfunn», er E39 og moglege konsekvensar for den ikkje skildra. Vegen er heller ikkje nemnt i kapittel 8 Forslag til utredningsprogram.


E39 må skildrast i desse kapitla og det er særskilt tre sentrale punkt vi ønskjer skal belysast i det vidare planarbeidet:

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim



Oversikt over dei to utbyggingsalternativa

Utsnitt av kraftstasjon med tunnel og avkøyrsløse for alt. 1.

- Avkøyrsløse. E39 er ein nasjonal hovudveg og vi ønskjer ikkje nye permanente avkøyrsløse. Det må leggjast vekt på å finne tilkomst via allereie opparbeidde avkøyrsløse til E39, og det kan ikkje påreknast å få løyve til nye avkøyrsløse. Avkøyrsløse skal vere utforma, eller utformast som del av anleggsarbeidet, i tråd med krav for avkøyrsløse sett i vegnormal [N100 Veg- og gateutforming](#), sjå kapittel 4. Det vil gjelde både siktsone for aktuell fartsgrense og fall inn mot E39. Nye avkøyrsløse, både permanente og midlertidige, må ha løyve etter veglova. Også utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse skal søkjast om.
- Eventuelle verknader som følgje av tiltaket på vegkroppen, inkludert moglege verknader av tunnelbygging og bruk av arealet mellom E39 og elva som massedeponi. Både alternativ for bygging skal krysse i tunnel under E39. Det kan vere at tunnelane skal førast så djupt at arbeidet med dei ikkje vil ha verknader for vegen. Men dette skal uansett dokumenterast.
- Verknader for veg og trafikk i anleggsperioden. Arbeidet under anleggsperioden vil kunne få verknader for vegen inkludert trafikk og trafikkavvikling. Omfanget av verknadane, mellom anna massetransport og annan anleggstrafikk via avkøyrsløse må skildrast. Behov for omkøyring, trafikkregulering og moglege skader på toppdekke som følgje av anleggstrafikk skal skildrast. Ved arbeid langs veg skal det utarbeidast arbeidsvarslingsplan.

Konklusjon

Utkast til melding med utgreiingsprogram er for lite skildrande i høve moglege verknader for E39. Tiltaket kan ha negative verknader for trafikken både i anleggs- og driftsfase. I tillegg kan det i anleggsfasen skje skade på vegkropp og dekke. Moglege negative verknader for trafikkfare og framkome må dokumenterast og utgreiingsprogrammet må skildre korleis dette skal gjerast.

Transport vest – transportforvaltning 1
Med helsing

Torun Emma Torheim
seksjonsleiar

Torbjørn Hasund

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.